

# Fjord1

RAPPORT FOR FJERDE KVARTAL

1. mars 2022



# Om Fjord1


**Målet til Fjord1 er å vere den tryggaste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg og påliteleg transport til kundane, oppdragsgjevarane og samarbeidspartnarane våre.**

Fjord1 er ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden. I tillegg til passasjerbåttenester driv selskapet verksemd innanfor catering og turisme.

Kompetente tilsette gjer Fjord1 til ei føregangsbedrift når det gjeld tryggleik, innovasjon, teknologi og miljø.

Fjord1 investerer i låg- og nullutsleppsteknologi og elektrifisering av norske fjordsamband.

## Oversikt over ferjekontraktar 2021



## Verdiane våre reflekterer kven vi er og korleis vi



Godt humør



Opne og ærlege



Påliteleg – vi held det vi lover



Lønnsam



Samhandling og teamånd




Stolt

Les meir på [www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)


## Hovudpunkt frå fjerde kvartal og heile 2021

- Fjord1 held fram med trygg og påliteleg drift, og har samstundes oppfylt ansvaret som leverandør av kritisk transportinfrastruktur i kyst-Noreg.
- Inntekta i fjerde kvartal var 712 millionar kroner. Det er ein nedgang på 14 prosent frå same kvartal året før. Dette skuldast primært bortfall av ferjekontrakten på Molde-Vestnes.
- EBITDA var 174 millionar kroner i fjerde kvartal, og EBITDA-marginen fall til 24 prosent frå 32 prosent i same kvartal året før. Dette skuldast i hovudsak at forsinka oppstart av full-elektriske ruter har utsett drivstoffinnsparing, og høgare pris på diesel enn i same kvartal året før.
- For heile 2021 var inntektene 2.869 millionar kroner (3.118) og EBITDA 836 millionar kroner (1.063), svarande til ein EBITDA-margin på 29 prosent (34).
- Investeringane var på 155 millionar kroner i fjerde kvartal, i hovudsak for infrastrukturprosjekt knytt til elektrifisering og ombygging av fartøy. Investeringane var 634 millionar kroner for heile 2021. Det var ein reduksjon på om lag 56 prosent frå same 2020, då investeringane i nybygg og elektrifisering toppa ut.
- Netto renteberande gjeld (NIBD) var på 5.090 millionar kroner per 31. desember 2021. Selskapet har lågare investeringsforpliktingar framover, og vil bruke kontantstraum frå drift, inntekt frå sal av infrastruktur og NOx kompensasjon for elektriske ferjer til redusere gjelda vidare.
- Porteføljen av langtidskontraktar har ein verdi på 21,0 milliardar kroner før indeksregulering, og gir saman med flåtefornyingsprogrammet mot ein grønarare framtid eit solid grunnlag for vidare utvikling av Fjord1.

Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA (%)



NIBD (millionar NOK) og NIBD/EBITDA



Justert NIBD/EBITDA er i samsvar med den kontraktsfesta retten til å justere NIBD i takt med oppstarten av tilhøyrande kontraktar

## Nøkkeltal (millionar NOK)

<b>Resultat</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>FY 2021</b>	<b>FY 2020</b>
<b>Sum inntekt</b>	<b>712,3</b>	<b>825,8</b>	<b>2 869,2</b>	3 117,8
Sum driftskostnader	(528,9)	(568,5)	(2 001,6)	(2 045,8)
Del av overskot/(tap) frå felleskontrollerte og tilknytte verksemdar	(9,8)	8,4	(31,1)	(9,0)
<b>EBITDA</b>	<b>173,6</b>	<b>265,8</b>	<b>836,5</b>	<b>1 062,9</b>
EBITDA-margin (%)	24%	32%	29%	34%
Sum avskrivningar og nedskrivningar	(156,4)	(153,5)	(594,2)	(571,6)
<b>Driftsresultat (EBIT)</b>	<b>17,2</b>	<b>112,4</b>	<b>242,3</b>	<b>491,3</b>
Netto finansinntekt/(kostnader)	(25,6)	(65,2)	(108,4)	(284,5)
<b>Resultat før skatt</b>	<b>(8,4)</b>	<b>47,2</b>	<b>133,9</b>	<b>206,8</b>
Skatt (kostnader)/inntekt	1,8	(8,2)	(29,5)	(43,4)
<b>Resultat for perioden</b>	<b>(6,5)</b>	<b>38,9</b>	<b>104,5</b>	<b>163,6</b>

<b>Balanse</b>	<b>31.12.21</b>	<b>30.09.21</b>	<b>30.09.20</b>	<b>31.12.20</b>
<i>Eigedelar</i>				
Anleggsmiddel	9 354,8	9 314,6	9 129,0	9 187,0
Omlaufsmiddel, ekskl. kontantar	646,6	672,6	680,4	750,3
Bankinnskot, kontantar og liknande	144,6	176,3	205,2	401,8
<b>Sum eigedelar</b>	<b>10 145,9</b>	<b>10 163,5</b>	<b>10 014,5</b>	<b>10 339,2</b>
<i>Eigenkapital og gjeld</i>				
Sum eigenkapital	2 531,4	2 541,0	2 396,5	2 427,0
Langsiktig gjeld	4 239,6	5 276,8	5 645,4	5 892,8
Kortsiktig gjeld	3 369,4	2 345,7	1 972,6	2 019,3
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>10 145,9</b>	<b>10 163,5</b>	<b>10 014,5</b>	<b>10 339,2</b>
Soliditet %	25%	25%	24%	23%
Avkastning på eigenkapital (12 månader rullerande) (%)	4,2%	4,5%	4,7%	5,3%
NIBD	5 090,6	5 274,6	5 768,3	5 503,2
NIBD/EBITDA (12 månader rullerande)	6,1	5,7	6,2	5,3

<b>Kontantstraum</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>FY 2021</b>	<b>FY 2020</b>
Netto likviditetsendring frå verksemda	365,8	391,7	1 171,5	906,9
Netto likvidar frå investeringar	(152,7)	(105,2)	(675,8)	(1 434,7)
Netto likviditetsendring frå finansiering	(244,9)	(89,9)	(752,9)	445,5
Netto endring i likvidar	(31,7)	196,7	(257,3)	(82,2)
<b>Kontantar og bankinnskot ved periodeslutt</b>	<b>144,6</b>	<b>401,8</b>	<b>144,6</b>	<b>401,8</b>

<b>Finansresultat</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>FY 2021</b>	<b>FY 2020</b>
Del av overskot/(tap), felleskontrollerte og tilknytte verksemdar	16,6	(20,4)	65,3	(42,0)
Renteinntekter	1,6	0,7	10,1	2,5
Rentekostnader	(46,6)	(44,6)	(178,9)	(214,9)
Andre finanspostar, netto	2,8	(1,0)	(4,9)	(30,1)
<b>Finansresultat</b>	<b>(25,6)</b>	<b>(65,2)</b>	<b>(108,4)</b>	<b>(284,5)</b>

## Sikker og påliteleg drift

Fjord1 si drift har vore sikker og påliteleg i fjerde kvartal og gjennom heile 2021, med tre fråværs-skader, ingen samanstøyt, og 99,7 prosent regularitet i 4. kvartal.

Etter at Covid-19 restriksjonane blei løfta har trafikkvolumet gradvis normalisert seg. Talet på køyretøy transportert steig med 32 prosent til 2,3 millionar i kvartalet og med fem prosent til 9,0 millionar for heile året, medan talet på passasjerar steig med 11 prosent til 3,6 millionar i kvartalet og med to prosent til 16,0 millionar for heile året. Oppgang på eksisterande ruter dempa effekten av bortfall av kontrakten på Molde-Vestnes.

Drifta i Fjord1 har i periodar vært betydeleg påverka av Covid-19 pandemien, men kontraktsstrukturane har avgrensa dei økonomiske konsekvensane av redusert trafikk på Ferje- og Passasjerbåt-segmenta. Nedgang i Catering har stort sett blitt kompensert av kostnadsreduksjonar, medan reiserestriksjonane sjølvklart har påverka aktiviteten i Turisme-segmentet.

Fjord1 held fram med elektrifisering av nye fartøy og bygging av offentleg infrastruktur. Jamfør med fullføring av elektrifiseringsprosjekt og registrering av utsleppsreduksjon ventar Fjord1 utbetalt NOx-kompensasjon i løpet av 2022. Ved utgangen av 2021 var om lag 40 prosent av ferjeporteføljen hybrid-elektrisk, noko som gjer Fjord1 til ein av dei mest miljøvennlege ferjeselskapa i verda.

Selskapet står fast ved strategien om å vere ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden, og skal tilby kundane trygg, påliteleg og miljøvennleg transport. Fjord1 har ein langtidsporfølje av kontraktar til ein verdi av 21,0 milliardar kroner, indeksregulering ikkje medrekna. Saman med våre langsiktige ambisjonar for turisme, dannar dette eit solid grunnlag for vidare utvikling av Fjord1.

## Gruppe- og segmentoversikt

Fjord1-konsernet hadde i fjerde kvartal 2021 ei samla inntekt på 712 millionar kroner, eit fall på 14 prosent frå fjerde kvartal 2020, medan EBITDA fall til 174 millionar kroner frå 266 millionar kroner. Utbygginga og fornyinga av flåten og investeringane i elektrifisering av ferjedrifta har gitt høgare avskrivningar enn i tidlegare periodar, og driftsresultatet (EBIT) fall til 17 millionar kroner i fjerde kvartal 2021 frå 112 millionar kroner i same periode i 2020.

Inntekta for heile 2021 var 2.869 millionar kroner, EBITDA 836 millionar kroner og driftsresultatet 242 millionar kroner. Dette er samanlikna med inntekt på 3.118 millionar kroner, EBITDA på 1.063 millionar kroner og driftsresultat på 491 millionar kroner for heile 2020.

Fjord1-konsernet har fire rapportsegment: **ferje, passasjerbåtar, catering og turisme**. Størst av desse er ferje.

### Ferje


#### Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Driftsinntekt	649,3	775,5	2 623,5	2 881,2
EBITDA	162,7	242,9	788,9	976,1
<i>EBITDA-margin</i>	<i>25%</i>	<i>31%</i>	<i>30%</i>	<i>34%</i>
EBIT	19,9	103,3	250,7	483,8
<i>EBIT-margin</i>	<i>3%</i>	<i>13%</i>	<i>10%</i>	<i>17%</i>


Inntekta i ferjesegmentet fall med 16 prosent i fjerde kvartal og med ni prosent for heile året, ettersom utfasing av kontrakten Molde-Vestnes berre delvis vart motverka av den nye kontrakten på Festvåg-Misten i Nord-Noreg. Drifta på andre ferjeruter gjekk som normalt. Driftskostnadane fall med ni prosent i fjerde kvartal, i hovudsak grunna minka lønskostnadar etter forbetringar på drifta. Høgare dieselprisar og forsinka oppstart av nye heilelektriske ruter hadde likevel negativ påverknad på resultatet enn i same kvartal året før. EBITDA fall då med 33 prosent til 162,7 millionar i fjerde kvartal.

For heile året fall driftskostnadane med fire prosent, medan EBITDA fall med 19 prosent til 788,9 millionar. Fjord1 ventar at kostnadane vil helde fram å falle når meir kostnadseffektive heil-elektriske rutar blir fasa inn og offentlege infrastrukturprosjekt blir fullført i 2022.

Driftsinntekt (m NOK) and EBITDA-margin (%)



EBITDA and EBIT (m NOK)



Som indikert i tidlegare rapportar har nokre av elektrifiseringsprosjekta som var planlagde for 2020 gått over i 2021, som følgje av reise- og arbeidsrestriksjonar for utanlandsk teknisk personale. Det førte til seinare oppstart av meir kostnadseffektive heilelektriske ruter, seinare utbetaling av NOx-kompensasjon for nye fartøy og seinare betaling for offentlig infrastruktur.

Selskapet ventar å fullføre planlagde elektrifiseringsprosjekt over første halvdel av 2022, noko som vil gjere det mogleg å starte opp drift av dei heil-elektriske rutene. NOx kompensasjon vil typisk bli betalt seks månader etter oppstart, etter at utsleppsreduksjonane er registrert. Den kombinerte effekten er venta å gje gradvis betring av driftskostnadene og EBITDA, og å frigje kontantar til betaling av gjeld.

### Oversikt over ferjekontraktar 2022-2034

Kontrakt	Fartøy	PBE	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034
Bognes–Skarberget og Drag–Kjøpsvik	3															
Indre Sunnmøre	12	0,9														
Romsdalspakken	5	1,7														
Nordmørspakken	6	0,9														
Halsa–Kanestraum	3	0,9														
Sulapakken	5	2,4														
Hordaland rutepakke 1	8	1,7														
Hordaland rutepakke 2	6	1,2														
Brekstad–Valset	2	0,3														
Mortavika–Arsvågen	5	2,8														
Anda–Lote	2	0,8														
Fv Sogn og Fjordane	5	0,5														
Festvåg–Misten	1	0,6														
Nordøyane	2	0,2														
Svelvik–Verket	1	0,2														
Sølsnes–Åfarnes	1	0,8														

\*Personbilkvivalent (PBE) (million)




Kontraktporteføljene har no ein berekna verdi på 21,0 milliardar kroner – medrekna dei tre kontraktane for passasjerbåtar, men ikkje medrekna opsjonar og indeksregulering.

Selskapet fullførte i fjor eit flåtefornyingsprogram på 25 nye fartøy som vart levert over fire år. Elektrifiseringsprogrammet fortsette med levering av tre fartøy som er ombygd frå LNG til hybridelektrisk i første halvår. Eit fjerde hybridelektrisk fartøy blei levert frå verftet i august. Ved utgangen av året hadde selskapet totalt 34 hybridelektriske fartøy, og av desse er 28 fartøy drifta på elektrisitet.

Kontrakten på Svelvik-Verket gjekk ut i fjerde kvartal og er fasa ut per 1. januar 2022.

Selskapet har bestilt to nye ferjer for levering i 2023, og har også teikna kontrakt for to ombyggingar hos Westcon i Florø og ei ombygging hos Havyard i Leirvik i Sogn.

## Tal på ferjer og drivstoffblanding



## Passasjerbåtar

### Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Driftsinntekt	27,7	29,5	114,5	120,0
Tilknytte verksemder	0,8	1,3	3,8	6,3
EBITDA*	13,4	17,3	55,4	64,9
<i>EBITDA-margin ekskl. tilknytte verksemder</i>	<i>46%</i>	<i>54%</i>	<i>45%</i>	<i>49%</i>
EBIT	1,3	5,0	5,7	12,7
<i>EBIT-margin ekskl. tilknytte verksemder</i>	<i>2%</i>	<i>12%</i>	<i>2%</i>	<i>5%</i>


\*EBITDA inkl. tilknytte verksemder

Inntekta i passasjerbåtsegmentet fall med seks prosent i fjerde kvartal 2021 og med fem prosent for heile 2021. Resultat frå tilknytte verksemder fall med 0,5 millionar kroner i fjerde kvartal og 2,5 millionar kroner for heile året. EBITDA fall då med 3,9 millionar kroner eller 22 prosent i kvartalet og med 9,5 millionar kroner eller 15 prosent for heile året.


I mai 2021 vart to av tre kontraktar med Vestland fylkeskommune om drift av lokalbåtar i Sogn og Fjordane forlenga til 1. november 2023. Etter det vil eit anna selskap overta kontrakten. Fjord1 eig tre av dei 10 hurtigbåtane som er i drift i Sogn og Fjordane, medan dei andre sju var leigd inn til april 2022. Selskapet har forlenga leigekontraktane så dei er like lange som driftskontrakten.

Selskapet eig og 49 prosent av Partsrederiet Kystekspresen ANS, som driv hurtigbåtruter frå Kristiansund til Trondheim, Brekstad til Trondheim og Vanvikan til Trondheim.

### Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA-margin (%)



### EBITDA og EBIT (m NOK)



\*EBITDA inkl. tilknytte verksemder

## Catering


### Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Driftsinntekt	19,7	17,1	83,3	85,3
EBITDA	5,0	(0,2)	18,3	10,4
EBITDA-margin	25%	(1%)	22%	12%
EBIT	4,4	(1,0)	15,7	7,4
EBIT-margin	22%	(6%)	19%	9%


Inntekta i cateringsegmentet har vore sterkt påverka av Covid-19 restriksjonane i store deler av 2020 og 2021, og Fjord1 har jobba med å justere tenestetilbodet og redusere bemanning og kostnader for å kompensere for inntektsbortfallet. Samstundes har selskapet utvikla sjølvbeteningstilbodet.

Aktiviteten i catering har gradvis normalisert seg etter at Covid-19 restriksjonane vart løfta, og inntekta auka med 15 prosent i fjerde kvartal og fall med to prosent for heile året. Driftskostnadane vart redusert med 15 prosent i kvartalet og 13 prosent for heile året. EBITDA betra seg då til 5,0 millionar kroner frå minus 0,2 millionar kroner for fjerde kvartal og til 18,3 millionar kroner frå 10,4 millionar kroner for heile året.

### Driftsinntekt (millionar NOK) og EBITDA-margin (%)



### EBITDA og EBIT (m NOK)





## Turisme

### Driftsinntekt, EBITDA og EBIT (millionar NOK)

	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Driftsinntekt	4,0	3,0	18,2	21,6
Tilknytte verksemder	(10,6)	7,1	(34,9)	(15,3)
EBITDA*	(9,3)	6,3	(33,2)	(16,0)
<i>EBITDA-margin</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>
EBIT	(9,9)	5,8	(35,4)	(17,6)
<i>EBIT-margin</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>	<i>n.m.</i>

\* EBITDA inkl. tilknytte verksemder. I og med at inntektene i segmentet først og fremst kjem frå tilknytte selskap, gir det lita meining å sjå på EBITDA- og EBIT-marginar


Turismesegmentet har vore sterkt påverka av Covid-19 i både 2020 og 2021, som følgje av restriksjonar på både innanlandske og internasjonale reiser. Med unntak av den norske ferisesongen har verksemda anten vore stengt eller driven med betydeleg redusert kapasitet frå mars 2020.

Fjord1 driv verksemda gjennom både heileigde og deleigde verksemder. Medan inntekta i hovudsak er utleige av fartøy er eksponeringa størst gjennom dei tilknytte verksemda.

Del av resultat i tilknytte verksemder var minus 10,6 millionar kroner i fjerde kvartal, samanlikna med ei vinst på 7,1 millionar kroner i same periode i fjor. I resultatet for fjerde kvartal i 2020 ligg det offentleg Covid-19 støtte, medan denne støtta opphøyrta i oktober 2021. Talet for fjerde kvartal 2021 speglar såleis den underliggande drifta i segmentet betre.

Samla EBITDA var minus 9,3 millionar kroner i fjerde kvartal (+6,3). For heile året viste EBITDA eit tap på 33,20 millionar kroner (-16,0), inklusiv 6 millionar kroner i negative skattejusteringar frå tidlegare periodar knytt til The Fjords.

### Driftsinntekt og EBITDA (m NOK)



\*EBITDA inkl. tilknytte verksemder

Fjord1 sine eigarinteresser ligg i Fjord Tours Group, som er eigd 50/50 med den norske transportgruppa Vy-gruppen, og i The Fjords som er eigd 50/50 av Fjord1 og Aurland Ressursutvikling.

For å styrka posisjonen for turisme har Fjord1, Vy-gruppen og eigarane i Aurland Ressursutvikling signert ein prinsippavtale om å etablere eit felles selskap som skal inkludere Fjord Tours Group, The Fjords, Aurland Ressursutvikling og Flåm Utvikling (Flåmsbana). Endeleg avtale er venta i første halvdel av 2022.

## Konsolidert resultatregneskap

Resultat (millionar NOK)	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
<b>Sum inntekt</b>	<b>712,3</b>	<b>825,8</b>	<b>2 869,2</b>	<b>3 117,8</b>
Sum driftskostnader	(528,9)	(568,5)	(2 001,6)	(2 045,8)
Del av overskot/(tap) frå felleskontrollerte og tilknytte verksemdar	(9,8)	8,4	(31,1)	(9,0)
<b>EBITDA</b>	<b>173,6</b>	<b>265,8</b>	<b>836,5</b>	<b>1 062,9</b>
EBITDA-margin (%)	24%	32%	29%	34%
Sum avskrivningar og nedskrivningar	(156,4)	(153,5)	(594,2)	(571,6)
<b>Driftsresultat (EBIT)</b>	<b>17,2</b>	<b>112,4</b>	<b>242,3</b>	<b>491,3</b>
Netto finansinntekt/(kostnader)	(25,6)	(65,2)	(108,4)	(284,5)
Resultat før skatt	(8,4)	47,2	133,9	206,8
Skatt (kostnader)/inntekt	1,8	(8,2)	(29,5)	(43,4)
<b>Resultat for perioden</b>	<b>(6,5)</b>	<b>38,9</b>	<b>104,5</b>	<b>163,6</b>

### Driftsinntekt og driftsoverskot

Fjord1 genererte ei driftsinntekt på 712,3 millionar kroner i fjerde kvartal 2021, og fallet på 14 prosent frå fjerde kvartal 2020 kom i hovudsak frå bortfall av ei større ferjerute.

Driftskostnadane fall med sju prosent til 528,9 millionar kroner, i hovudsak grunna lågare lønskostnader. Kostnadane var likevel negativt påverka av høgare dieselpriisar for dei ikkje-elektriske ferjene og forsinka oppstart av heil-elektriske ruter som er venta å redusere driftskostnadene. Kostnadsutviklinga framover vil avhenge av ferdiggjering av elektrifiseringsprosjekta og oppstart av dei siste heil-elektriske rutene. Når desse prosjekta er ferdige ventar selskapet at kostnadene skal stabilisere seg på eit lågare nivå.

EBITDA var 173,6 millionar kroner i fjerde kvartal, eit fall på 35 prosent frå same kvartal i fjor. I dette talet ligg det eit negativt bidrag på 9,8 millionar kroner frå JV og tilknytte verksemdar (+8,4), i hovudsak frå turisme-segmentet.

Selskapet sitt program for flåteauke og fornying og investeringane i elektrifisering av ferjedrifta har ført til auka avskrivningar samanlikna med tidlegare periodar, og driftsresultatet (EBIT) på 17,2 millionar kroner kan samanliknast med 112,4 millionar kroner i same periode året før.

Inntekta for heile året fall med åtte prosent, medan EBITDA fall med 21 prosent til 836,5 millionar kroner. Dette inkluderte eit negativt bidrag på 31,3 millionar kroner frå JV og tilknytte verksemdar (-9,0). Driftsresultatet (EBIT) fall til 242,3 millionar kroner frå 491,3 millionar kroner i fjor.

### Finansresultat

Finansresultat (millionar NOK)	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Del av overskot/(tap), felleskontrollerte og	16,6	(20,4)	65,3	(42,0)
Renteinntekter	1,6	0,7	10,1	2,5
Renteutgifter	(46,6)	(44,6)	(178,9)	(214,9)
Andre finanspostar, netto	2,8	(1,0)	(4,9)	(30,1)
<b>Finansresultat</b>	<b>(25,6)</b>	<b>(65,2)</b>	<b>(108,4)</b>	<b>(284,5)</b>

Overskot og tap i felleskontrollerte og tilknytte verksemdar viser til selskapet sin aksjepost på 34 prosent i WF Holding AS, som eig 100 prosent av Widerøes Flyveselskap AS. Det positive resultatet på 16,6 millionar kroner i fjerde kvartal og 65,3 millionar kroner for heile 2021 speglar høgare aktivitet etter at reiserestriksjonane var løfta og vinst på forward-kontraktar på drivstoff.

Auke i renteinntekter til 1,6 millionar kroner i fjerde kvartal (0,7) og 10,1 millionar kroner for heile året (2,5) er i hovudsak knytt til utleige av MF Greenferry I til tyske Elbferry. Fjord1 tok skipet tilbake då Elbferry gjekk konkurs i fjerde kvartal. Fartøyet ligg no for sal.

Renteutgiftene var 46,6 millionar kroner i fjerde kvartal (44,6) og 178,9 millionar kroner for heile året (214,9). Nedgangen kjem av lågare renteberande gjeld gjennom det siste året.

## Resultat

Fjord1 hadde eit tap før skatt på 8,4 millionar kroner i fjerde kvartal og eit overskot før skatt på 133,9 millionar kroner for heile 2021. Til samanlikning hadde selskapet eit resultat før skatt på 47,2 millionar kroner i fjerde kvartal i fjor, og 206,8 millionar for heile 2020.

Skatteinntekt utgjorde 1,8 millionar kroner i fjerde kvartal, noko som gav eit netto underskot på 6,5 millionar kroner. For heile året utgjorde skattekostnadar 29,5 millionar kroner, noko som gav eit resultat etter skatt på 104,5 millionar kroner. Til samanlikning hadde selskapet eit netto overskot på 38,9 millionar kroner i fjerde kvartal, og eit netto overskot på 163,6 millionar kroner for heile 2020.

Tap per aksje var 0,07 kroner på ordinært og fullt utvatna grunnlag i fjerde kvartal men overskot på 1,04 kroner for heile 2021, samanlikna med 0,39 kroner og 1,63 kroner i 2020.

## Konsolidert balanse

<b>Eigedelar (millionar NOK)</b>	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
Anleggsmiddel	9 354,8	9 187,0
Omlaupsmiddel, ekskl. kontantar	646,6	750,3
Bankinnskot, kontantar og liknande	144,6	401,8
<b>Sum eigedelar</b>	<b>10 145,9</b>	<b>10 339,2</b>

Fartøy og utstyr var 8.582,8 millionar kroner eller 92 prosent av anleggsmidla (8.491,9). Dette inkluderer fartøy, kapitalisert vedlikehald og fartøy under bygging, infrastruktur og infrastruktur under bygging, eigedom, maskiner og utstyr. Sjå note 5 for meir detaljar.

Omlaupsmiddel inkluderer varelager, kundefordringar, andre fordringar. Fallet på 103,7 millionar kroner frå utgangen av 2020 speglar lågare omlaupsmiddel og andre fordringar, noko vega opp for av auka varelager. Sjå note 2 for meir informasjon.

<b>Eigedelar (millionar NOK)</b>	<b>32.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
Sum eigenkapital	2 531,4	2 427,0
Langsiktig gjeld	4 239,6	5 892,8
Kortsiktig gjeld	3 369,4	2 019,3
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>10 145,9</b>	<b>10 339,2</b>

Auken i samla eigenkapital er først og fremst knytt til overskotet i perioden. Langsiktig gjeld inkluderer bankgjeld på 2. 871 millionar kroner, utsett skatt, leigeforpliktingar, forpliktingar til dei tilsette, og andre langsiktige forpliktingar.

Kortsiktig gjeld inkluderer kortsiktig bankgjeld på 1.364 millionar kroner og obligasjons lån på 1 milliard kroner, samt leverandørgjeld, skattar og avgifter, og andre kortsiktige forpliktingar. Selskapet er i prosess for å refinansiere bankgjeld med forfall i 2022 og optimalisere den langsiktige finansieringsstrukturen.

Netto renteberande gjeld var 5.090,6 millionar kroner per 31. desember, noko som var ein reduksjon på 412,6 millionar kroner over de siste året.

## Konsolidert kontantstrøm

Kontantstrøm (millionar NOK)	Q4 2021	Q4 2020	FY 2021	FY 2020
Netto likviditetsendring frå verksemda	365,8	391,7	1 171,5	906,9
Netto likvidar frå investeringar	(152,7)	(105,2)	(675,8)	(1,434,7)
Netto likviditetsendring frå finansiering	(244,9)	(89,9)	(752,9)	445,5
Netto endring i likvidar	(31,7)	196,7	(257,3)	(82,2)
<b>Kontantar og bankinnskott ved periodeslutt</b>	<b>144,6</b>	<b>401,8</b>	<b>144,6</b>	<b>401,8</b>

Kontantstrøm frå driftsaktivitetar var 365,8 millionar kroner i fjerde kvartal og 1.171,5 millionar kroner for heile året. Dette var ei klar betring for heile året, medan lågare kontantstrøm frå drift i fjerde kvartal speglar både lågare resultat og auka arbeidskapital.

Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var 152,7 millionar kroner i fjerde kvartal og 675,8 millionar kroner for heile året, samanlikna med 105,2 millionar kroner og 1.434,7 millionar kroner i de same periodane i fjor. Kontantstrømmen i fjerde kvartal var i hovudsak investeringar knytt til infrastrukturprosjekt og ombygging av fartøy i elektrifiseringsprogrammet. Det fallande investeringsnivået i 2021 speglar at det store nybyggingsprogrammet og elektrifiserings- og infrastrukturprogrammet på land nådde toppen i 2020.

Negativ kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter i fjerde kvartal og heile året gjeld betaling av gjeld og leigeforpliktingar. Kontantbeholdninga var 144,6 millionar kroner ved utgangen av året.

## Finansiering

Fjord1 har vore gjennom ein utvidingsfase med store kapitalutgifter knytt til nybygging av fartøy, ombygging av eksisterande fartøy og investeringar i kaiar og anna landbasert infrastruktur. Desse investeringane er avgjerande for omlegginga frå fossilt drivstoff til null- og lågutsleppsdrivstoff. Selskapet har ein kontraktsfesta rett til kompensasjon for størstedelen av investeringane i infrastruktur, anten gjennom sal av infrastruktur til kommunane ved ferdigstilling, eller gjennom utbetalingar i løpet av kontraktsperioden.

Fjord1 har finansiert investeringsprogrammet gjennom ein kombinasjon av banklån og obligasjon. Selskapet sine lånefasilitetar er totalt 6.468 millionar NOK, og av desse er 5.802 millionar kroner utnyttta, inkludert garantiar. Fjord1 har og ein 1 milliard kroner obligasjon uteståande som kjem til forfall i fjerde kvartal 2022. Selskapet eig sjølv 45 millionar NOK av sine egne obligasjonar, etter tilbakekjøp i fjerde kvartal 2021.

Netto renteberande gjeld (NIBD) utgjorde 5.090,6 millionar kroner ved utgangen av 2021, samanlikna med 5.503,2 millionar kroner ved utgangen av 2020. Netto renteberande gjeld er venta å falle med betra kontantstrøm frå drifta, lågare investeringar, og inntekter frå sal av infrastrukturprosjekt,

Sjølv om infrastrukturen gradvis vert kompensert, krev rekneskapsprinsippa at verdien av retten som Fjord1 har til å bruke infrastrukturen, kjem fram i balansen og vert avskriven i løpet av kontraktsperioden. Vilkår i banklånavtalane til Fjord1 har blitt endra for å ta høgde for desse rekneskapsprinsippa i utrekninga av minimum eigenkapitaldel. Selskapet driv i tråd med vilkåret om eigenkapitaldel som auka frå 22,5 prosent til 25 prosent med verknad frå tredje kvartal 2021.

Grunna forsinka oppstart av heilelektriske ruter og fullføring av infrastrukturprosjekt har kompensasjon for lågare utslepp og betaling for infrastrukturen vore lågare enn prosjektert for året, noko som har gjeve høgare netto renteberande gjeld enn venta. Kombinert med høgare dieselpriisar som har påverka EBITDA negativt har Fjord1 fått mellombels løye til å vere over kravet for gjeldsgrad (NIBD/EBITDA) for bankgjelda. Då elektrifiseringsprogrammet driv fram ventar selskapet å få betalt all offentleg NOx-kompensasjon i 2022, og vil drive i tråd med lånevilkår frå første kvartal i 2022. Se note 8 – Lån for fleire detaljar.

Per 31. desember 2021 hadde Fjord1 samla framtidige kapitalforpliktingar på om lag 478 millionar kroner knytt til bygging av nye fartøy, og framtidige kapitalforpliktingar på om lag 241 millionar kroner for kaiar og anna infrastruktur på land. 347 millionar kroner i 2022, og resterande 372 millionar kroner i 2023. Dei framtidige kapitalforpliktingane indikerer et lågare investeringsnivå i dei kommande kvartalene. Se note 6 – Forpliktingar for meir detaljar.

## Eigarinformasjon

Havilafjord AS, som er 100% eigd av Havila Holding AS, rapporterte 7. juli 2021 at dei hadde inngått avtale om å kjøpe 4.736.246 aksjar i Fjord1 får uavhengige tredjeparts seljarar og 3.850.000 aksjar frå Runde Holdco AS til 52 kroner per aksje. Etter gjennomføring av transaksjonane kontrollerte Havila Holding AS 93.546.149 aksjar i Fjord1, svarande til 93,55% av aksjane i Fjord1.

26. juli vart det annonsert at Havila Holding eigde 98.792.149 aksjar, svarande til om lag 98,8% av aksjekapitalen og stemmerettane i Fjord1, og eit tvungent tilbod om kjøp av dei resterande aksjane til 52 kroner per aksje vart gitt 28. juli. Eigarrrettane til minoritetsaksjane vart overført og Havila Holding AS var frå 29. juli eigar av 100% av alle aksjar med unntak av aksjar eigd av Fjord1 sjølv. Aksjane i Fjord1 ble sletta frå notering den 23 august 2021.

Etter at aksjane blei sletta frå notering er Fjord1 omdanna frå ASA til AS. Selskapet er no hel-eigd av Fjord1 HoldCo, som er hel-eigd av Fjord1 TopCo, som er eigd 50/50 av Havila og USA-baserte Vision Rige Partners.

## Viktige hendingar etter utgangen av rapporteringsperioden

Ingen materielle hendingar fann sted etter utgangen av rapporteringsperioden.

## Risiko og uvisse

Fjord1 er utsett for ulike typar drifts- og marknadsrisikoar, og økonomiske risikoar, og dei offentlege tiltaka og økonomiske konsekvensane knytt til Covid-19-pandemien har framheva risikoane gjennom det siste året. I denne spesielle situasjonen har Fjord1 vareteke tryggleiken til både tilsette og kundar, og samstundes oppfylt ansvaret som leverandør av samfunnskritisk transportinfrastruktur. Fjord1 har halde fram med normal drift sjølv om omfanget av ferje- og passasjerbåttenestene mellombels har vore redusert etter ønske frå dei offentlege oppdragsgjevarane. Dei langsiktige kontraktane med fylkeskommunane og Statens vegvesen er i hovudsak baserte på kapasitet og avgangar snarare enn faktisk trafikkvolum. Dette inneber at inntektsstraumen berre i lita grad vert påverka av volumreduksjonen som dei noverande reiserestriksjonane medfører.

Covid-19 tiltaka påverka framdrifta for dei landbaserte infrastrukturprosjekta som var naudsynne for elektrifiseringa av ferjeflåten. Til dømes var det naudsynt med teknisk personale frå internasjonale selskap for å installere ladetårna på kaiene. Forsinka ferdigstilling av den elektriske infrastrukturen har forseinka betaling av offentleg NOx kompensasjon for ferjene og betaling for offentleg infrastruktur.

Fornyng av flåten og infrastrukturprosjekta for elektrifisering har ført med seg store investeringar dei siste åra. Sal av infrastrukturprosjekt og betaling av offentlege midlar knytt til elektrifiseringa var venta å redusere renteberande gjeld gjennom 2020. Forseinkingar i desse prosessane har pressa minimum eigenkapitaldel for selskapet sin finansiering gjennom bank og obligasjonar, sjølv om både bankane og obligasjonseigarane har akseptert endringar i lånevilkåra som reduserer risikoen for brot på vilkåra. Netto renteberande gjeld har vorte redusert gjennom dei første ni månadene i 2021 og er venta å minka vidare med høgare kontantstraum frå drifta, lågare investeringar og sal av infrastrukturprosjekt.

Aktiviteten i dei mindre catering- og turismesegmenta har vore sterkt påverka av Covid-19 situasjonen, sjølv om selskapet i stor grad har klart å justere aktiviteten og kostnadsnivået til etterspurnaden i cateringsegmentet.

Tapa i turismesegmentet har delvis blitt dekkja av Covid-19 støtte frå det offentlege, og vidare utvikling vil avhenge av innanlandske og internasjonale reisemønster. Fjord1, Vy-gruppen og Aurland Ressursutvikling har signert ein prinsippavtale om å etablere eit nytt selskap for styrka marknadsposisjonen for turismeaktivitetane. Dette inkluderer Fjord1 sine 50 prosent i Fjord Tours Group og The Fjords, saman med Aurland Ressursutvikling og Flåm Utvikling (Flåmsbana). Prosessen er venta å konkluderast i første halvdel av 2022.

For fleire detaljar om risikostyringa, sjå Årsrapport 2020.

## Utsikter

Fjord1 kjenner seg sikker på at det og i framtida vil vere stort behov for trygg, miljøvennleg og påliteleg transport i kystregionane. Selskapet vurderer kontinuerleg nye anbod i den norske marknaden, og moglegheiter utanfor Noreg. Selskapet sin sterke kontraktsporsefølje er på 21,0 milliardar kroner før opsjonar og indeksregulering og strekk seg gjennom 2034, noko som gir ei solid plattform for lønnsam vekst.

Fjord1 er forplikta til å helde fram med reduksjon av utslepp og elektrifisering av norske fjordsamband. Når planlagde elektriske ruter er fasa inn og infrastrukturprosjekta blir fullførte ventar selskapet at det totale kostnadsnivået stabiliserer seg på et lågare nivå, noko som vil auke lønsemda.

Selskapet hadde netto renteberande gjeld på 5,1 milliardar kroner ved utgangen av året, ned frå 5,8 milliardar ved utgangen av september 2020. Selskapet planlegg for eit lågare investeringsnivå framover og ventar at størstedelen av kontantstraum frå drifta og inntekter frå sal av infrastrukturprosjekt vil nyttas til å redusere renteberande gjeld ytterlegare.



**KONSOLIDERT KONSERNREKNESKAP**  
**IKKJE REVIDERT**

BELØP I NOK 1000	NOTE	Q4 2021	Q4 2020	HiÅ 2021	HiÅ 2020	Heile 2020
Salsinntekt	3,4,12	710 804	821 446	2 844 188	3 086 160	3 086 160
Anna driftsinntekt	3,4	1 476	4 402	25 042	31 611	31 611
<b>Sum driftsinntekt</b>		<b>712 280</b>	<b>825 848</b>	<b>2 869 230</b>	<b>3 117 771</b>	<b>3 117 771</b>
Vare- og drivstoffkostnader	3	(103 563)	(91 982)	(384 202)	(404 143)	(404 143)
Løn og sosiale kostnader	3	(259 635)	(292 280)	(1 029 599)	(1 096 041)	(1 096 041)
Andre driftskostnader	3,13	(165 686)	(184 194)	(587 836)	(566 647)	(545 615)
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>(528 884)</b>	<b>(568 457)</b>	<b>(2 001 637)</b>	<b>(2 066 831)</b>	<b>(2 045 799)</b>
Del av overskot/(tap) frå tilknytte verksemdar	3	(9 807)	8 430	(31 103)	(9 026)	(9 026)
<b>Driftsresultat før avskrivningar og nedskrivningar (EBITDA)</b>		<b>173 589</b>	<b>265 820</b>	<b>836 491</b>	<b>1 041 914</b>	<b>1 062 946</b>
Ordinære avskrivningar	5,13	(148 948)	(138 374)	(586 774)	(525 807)	(525 807)
(Nedskrivning)/attføring av tidlegare nedskrivning	5	(7 414)	(15 090)	(7 414)	(24 799)	(45 830)
<b>Sum avskrivningar og nedskrivningar</b>		<b>(156 362)</b>	<b>(153 464)</b>	<b>(594 187)</b>	<b>(550 605)</b>	<b>(571 637)</b>
<b>Driftsresultat (EBIT)</b>		<b>17 227</b>	<b>112 357</b>	<b>242 303</b>	<b>491 308</b>	<b>491 308</b>
Del av overskot/(tap) frå andre tilknytte verksemdar		16 601	(20 357)	65 289	(41 958)	(41 958)
Renteinntekt		1 586	731	10 129	2 514	2 514
Rentekostnad		(46 592)	(44 619)	(178 922)	(214 897)	(214 897)
Andre finanspostar, netto	10	2 816	(951)	(4 860)	(30 127)	(30 127)
<b>Netto finansinntekter/(kostnader)</b>		<b>(25 589)</b>	<b>(65 197)</b>	<b>(108 364)</b>	<b>(284 468)</b>	<b>(284 468)</b>
<b>Ordinært resultat før skatt</b>		<b>(8 362)</b>	<b>47 160</b>	<b>133 939</b>	<b>206 839</b>	<b>206 839</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	9	1 840	(8 244)	(29 466)	(43 374)	(43 374)
<b>Resultat i perioden</b>		<b>(6 523)</b>	<b>38 916</b>	<b>104 473</b>	<b>163 466</b>	<b>163 466</b>
<b>Del av resultat:</b>						
Eigarane av morselskap		(6 496)	38 921	104 032	162 985	162 985
Minoritetsinteressar		(27)	(5)	441	481	481
Resultat per aksje (NOK)	7	(0,07)	0,39	1,04	1,63	1,63
Utvatna resultat per aksje (NOK)	7	(0,07)	0,39	1,04	1,63	1,63

\*Basert på vektta gjennomsnitt av uteståande aksjar. Sjå note 7 og 15 for informasjon om resultat per aksje og aksjekapital.

**OPPSTILLING AV TOTALRESULTAT**  
**IKKJE REVIDERT**

BELØP I NOK 1 000	NOTE	Q4 2021	Q4 2020	HIÅ 2021	HIÅ 2020	Heile 2020
Resultat i perioden		-6 523	38 916	104 473	163 466	163 466
<b>Andre inntekter og kostnader</b>						
<b>Postar som kan verte omklassifisert til resultatrekneskapen:</b>						
Del av utvida resultat for tilknytt verksemd bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden - etter skatt		341	-	3 677	-	(1 813)
<b>Postar som ikkje vert omklassifisert til resultatrekneskapen:</b>						
Del av utvida resultat for tilknytt verksemd bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden - etter skatt		-	(4 985)	-	(1 813)	-
Estimatavvik i pensjonsforpliktingar - etter skatt		2 059	(3 397)	1 941	(4 300)	(4 300)
<b>Sum</b>		<b>2 400</b>	<b>(8 382)</b>	<b>5 618</b>	<b>(6 113)</b>	<b>(6 113)</b>
<b>Sum andre inntekter og kostnadar etter skatt</b>		<b>2 400</b>	<b>(8 382)</b>	<b>5 618</b>	<b>(6 113)</b>	<b>(6 113)</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>(4 123)</b>	<b>30 534</b>	<b>110 091</b>	<b>157 353</b>	<b>157 353</b>
<b>Del av resultat:</b>						
Eigarane av morselskap		(4 096)	30 539	109 650	156 872	156 872
Minoritetsinteresser		(27)	(5)	441	481	481

## KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING

### IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1000	NOTE	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2020
<b>EIGEDELAR</b>				
<b>Anleggsmiddel</b>				
Utsett skattefordel	9	166 593	166 593	166 593
Fartøy og andre varige driftsmiddel	5	8 582 785	8 491 947	8 491 947
Bruksrettar	13	69 109	87 067	87 067
Investeringar i tilknytt og felleskontrollert verksemd	14	514 365	436 506	436 506
Andre langsiktige eigedelar	2	21 914	4 895	4 895
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>9 354 766</b>	<b>9 187 008</b>	<b>9 187 008</b>
<b>Omlaupsmiddel</b>				
Varer		27 573	20 204	20 204
Finansielle derivat	2	43	-	-
Kundefordringar	2	269 923	309 429	309 429
Andre kortsiktige fordringar	2	202 333	264 345	264 345
Leigefordringar	2,5	-	-	-
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	144 560	401 836	401 836
		<b>644 431</b>	<b>995 814</b>	<b>995 814</b>
Eigedelar for sal	5	146 732	156 340	156 340
<b>Sum omlaupsmiddel</b>		<b>791 163</b>	<b>1 152 154</b>	<b>1 152 154</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>10 145 930</b>	<b>10 339 162</b>	<b>10 339 162</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>				
<b>Eigenkapital til eigarane av morselskap</b>				
Aksjekapital	15	250 000	250 000	250 000
Overkurs		360 924	360 924	360 924
Eigne aksjar		(3 617)	(3 617)	(3 617)
Opptent eigenkapital		1 924 131	1 814 481	1 814 481
<b>Sum eigenkapital til eigarane av morselskap</b>		<b>2 531 438</b>	<b>2 421 788</b>	<b>2 421 788</b>
Minoritetsinteresser		5 485	5 226	5 226
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 536 923</b>	<b>2 427 014</b>	<b>2 427 014</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	2,8	2 871 130	4 747 106	4 747 106
Finansielle derivat	2	1 465	6 890	6 890
Langsiktige leigeforpliktingar	13	31 682	24 518	24 518
Pensjonsforpliktingar		24 639	32 289	32 289
Anna langsiktig gjeld		534 543	335 391	335 391
Utsett skatt	9	776 106	746 639	746 639
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>4 239 564</b>	<b>5 892 832</b>	<b>5 892 832</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	2,8	2 364 046	1 157 972	1 157 972
Finansielle derivat	2	-	1 175	1 175
Kortsiktige leigeforpliktingar	13	38 328	64 255	64 255
Leverandørgjeld	2	110 551	146 923	146 923
Betalbar skatt	9	934	617	617
Skuldige offentlege avgifter		107 250	102 128	102 128
Anna kortsiktig gjeld	2	748 334	546 245	546 245
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>3 369 442</b>	<b>2 019 316</b>	<b>2 019 315</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>7 609 006</b>	<b>7 912 148</b>	<b>7 912 148</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>10 145 930</b>	<b>10 339 162</b>	<b>10 339 162</b>

**ENDRINGAR I EIGENKAPITALEN**  
**IKKJE REVIDERT**

BELØP I NOK 1000	Eigarane av morselskapet						Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
	Aksje- kapital	Overkurs	Eigne aksjar	Opptent eigenkapital	Sum			
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	<b>250 000</b>	<b>360 924</b>	<b>(3 617)</b>	<b>1 657 612</b>	<b>2 264 919</b>	<b>4 745</b>	<b>2 269 663</b>	
Årsresultat	-	-	-	162 985	<b>162 985</b>	481	<b>163 466</b>	
Andre inntekter og kostnader i perioden	-	-	-	(6 113)	<b>(6 113)</b>	-	<b>(6 113)</b>	
<b>Utvida resultat</b>	-	-	-	<b>156 872</b>	<b>156 872</b>	<b>481</b>	<b>157 353</b>	
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>250 000</b>	<b>360 924</b>	<b>(3 617)</b>	<b>1 814 481</b>	<b>2 421 788</b>	<b>5 226</b>	<b>2 427 014</b>	
<b>Eigenkapital 01.01.2021</b>	<b>250 000</b>	<b>360 924</b>	<b>(3 617)</b>	<b>1 814 481</b>	<b>2 421 788</b>	<b>5 226</b>	<b>2 427 014</b>	
Periodens resultat	-	-	-	104 032	<b>104 032</b>	441	<b>104 473</b>	
Andre inntekter og kostnader i perioden	-	-	-	5 618	<b>5 618</b>	-	<b>5 618</b>	
<b>Utvida resultat</b>	-	-	-	<b>109 650</b>	<b>109 650</b>	<b>441</b>	<b>110 091</b>	
Utbetalt utbytte	-	-	-	-	-	(184)	<b>(184)</b>	
<b>Transaksjonar med eigarar</b>	-	-	-	-	-	<b>(184)</b>	<b>(184)</b>	
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>250 000</b>	<b>360 924</b>	<b>(3 617)</b>	<b>1 924 130</b>	<b>2 531 437</b>	<b>5 483</b>	<b>2 536 923</b>	

## KONSOLIDERT KONTANTSTRAUM

### IKKJE REVIDERT

BELØP I NOK 1000	NOTE	Q4 2021	Q4 2020	HIÅ 2021	HIÅ 2020	Heile 2020
<b>Kontantstraum frå verksemda</b>						
Resultat før skatt		(8 362)	47 160	133 939	206 840	206 839
<b>Korrigering av resultatpostar utan effekt på likviditeten:</b>						
Avskrivningar og nedskrivningar	5,13	156 362	153 464	594 187	550 606	571 637
Netto rentekostnader		45 006	43 889	168 793	212 383	212 383
Endring i verkeleg verdi av finansielle instrument	2	(2 062)	(7 312)	(6 643)	(38)	(38)
Endring i verkeleg verdi av eigedelar for sal		-	21 032	-	21 032	-
Endring i pensjonsforpliktingar		(4 494)	27 194	(7 650)	19 184	19 184
(Vinst)/tap ved sal av eigedelar		3 674	3 025	8 116	2 826	2 826
Resultat frå investering i tilknytt verksemd		(6 794)	11 927	(34 187)	50 985	50 985
<b>Arbeidskapitaljusteringar:</b>						
Kundefordringar	2	30 074	(8 590)	39 506	(170 267)	(170 267)
Varer		(2 538)	789	(7 369)	2 253	2 253
Leverandørgjeld	2	(27 020)	(21 995)	(36 372)	(55 597)	(55 597)
Andre tidsavgrensingspostar		216 670	121 362	472 585	266 550	266 550
<b>Kontantstraum generert frå verksemda</b>		<b>400 515</b>	<b>391 945</b>	<b>1 324 906</b>	<b>1 106 756</b>	<b>1 106 755</b>
Betalte renter		(34 691)	(4 324)	(153 214)	(198 797)	(198 797)
Betalt skatt		-	4 111	(185)	(1 044)	(1 044)
<b>Netto likviditetsendring frå verksemda</b>		<b>365 824</b>	<b>391 732</b>	<b>1 171 507</b>	<b>906 915</b>	<b>906 914</b>
<b>Likvidar tilført/brukt på investeringar</b>						
Investeringar i varige driftsmiddel	5	(154 508)	(103 168)	(634 613)	(1 427 915)	(1 427 915)
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar		-	-	(46 310)	(10 000)	(11 000)
Innbetaling av utbytte frå tilknytt verksemd		-	-	6 315	2 151	3 151
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		1 369	(2 062)	5 370	1 298	1 298
Netto innbetaling fra langsiktige eigedelar		(264)	49	(17 018)	(225)	(225)
Netto innbetaling fra leigefordringar		711	-	10 419	-	-
<b>Netto likviditetsendring frå investeringar</b>		<b>(152 692)</b>	<b>(105 180)</b>	<b>(675 837)</b>	<b>(1 434 690)</b>	<b>(1 434 690)</b>
<b>Likvidar tilført/brukt på finansiering</b>						
Innbetaling frå lån	8	(7 209)	-	163 755	1 210 506	1 210 506
Nedbetaling av lån	8	(220 953)	(73 630)	(850 217)	(700 126)	(700 126)
Nedbetaling av leigeforpliktingar	13	(16 708)	(16 250)	(66 486)	(64 852)	(64 852)
Tilbakebetaling av kortsiktige lån		-	-	-	-	-
<b>Netto likviditetsendring frå finansiering</b>		<b>(244 870)</b>	<b>(89 879)</b>	<b>(752 948)</b>	<b>445 528</b>	<b>445 529</b>
<b>Netto endring i likvidar i året</b>		<b>(31 737)</b>	<b>196 673</b>	<b>(257 278)</b>	<b>(82 248)</b>	<b>(82 247)</b>
<b>Kontantar og bankinnskot ved periodestart</b>		<b>176 297</b>	<b>205 164</b>	<b>401 836</b>	<b>484 081</b>	<b>484 081</b>
<b>Kontantar og bankinnskot ved periodeslutt</b>		<b>144 560</b>	<b>401 836</b>	<b>144 560</b>	<b>401 836</b>	<b>401 836</b>

## **NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP**

### **GENERELL INFORMASJON**

Fjord1 AS og tilhøyrande dotterselskap (Konsernet) driftar passasjerferjer og andre passasjerbåtar i Noreg. Konsernet si kjerneverksemd er konsentrert rundt sjøtransport gjennom drifta av ferjer og ekspressbåtar, i tillegg til cateringverksemd om bord i båtane.

Fjord1 AS er registrert og driv si verksemd i Noreg. Adressa til verksemda sitt hovudkontor er Strandavegen 15, 6900 Florø, Noreg.

Denne forenkla delårsrekneskapen vart godkjent av styret i Fjord1 AS den 28. februar 2022.

Kvartalsrekneskapen har ikkje vore revidert.

### **GRUNNLAG FOR UTARBEIDING**

Delårsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IAS 34 "Delårsrapportering". Delårsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon og burde derfor lesast i samband med konsernrekneskapen for 2020 som er utarbeida i samsvar med IFRS.

### **VIDARE DRIFT**

Konsernet har lagt til grunn vidare drift i utarbeidinga av delårsrekneskapen. Leiinga har vurdert all tilgjengeleg informasjon om framtida når dei har vurdert vidare drift, medrekna informasjon knytt til kontantstraum frå eksisterande ferjekontraktar og andre tenestekontraktar, avdrag på gjeld og forpliktingar knytt til nybyggskontraktar. Prognosane har tatt høgde for forventa framtidig inntekt frå egedelar under tilverking. Basert på desse føresetnadane har leiinga ei fornuftig forventning om at konsernet har tilstrekkelege ressursar til å halde fram med verksemda i overskødeleg framtid.

### **REKNESKAPSPRINSIPP**

Rekneskapsprinsippa er dei same som for konsernrekneskapen for føregåande år forutan at skattekostnad vert innrekna kvart kvartal ved bruk av forventa vekta gjennomsnittleg årleg skattesats for heile rekneskapsåret. Skattekostnad på inntekter i delårsperioden vert akkumulert ved bruk at ein skattesats som ville vore rimeleg for forventa årleg resultat.

### **BRUK AV ESTIMAT**

Utarbeidinga av delårsrekneskap krev at leiinga utarbeidar vurderingar, estimat og føresetnader som påverkar bruken av rekneskapsreglar og bokførte beløp av egedelar, gjeld, inntekt og

kostnader. Faktisk resultat kan avvike frå desse estimata.

I utarbeidinga av delårsrekneskapen har dei vesentlege vurderingane frå leiinga ved bruk av rekneskapsprinsippa og hovudkjeldene for estimatusikkerheit vore dei same som vart lagt til grunn ved utarbeidinga av konsernrekneskapen for 2020, forutan skattekostnad og pensjonsforpliktingar.

Skattekostnad og utsett skatt vert kalkulert ved å bruke eit estimat på ein effektiv skattesats, mens i årsrekneskapen vert skattekostnad og utsett skatt kalkulert basert på faktiske skattesatsar.

Noverdi av pensjonsforpliktinga og verkeleg verdi av pensjonsmidlar ved utgangen av kvartalet vert estimert ved å ekstrapolere dei siste tilgjengelege aktuarberekningane. I konsernrekneskapen er dei same postane berekna ved bruk av oppdaterte aktuarberekningar.



## NOTE 2 FINANSIELL RISIKOSTYRING OG FINANSIELLE INSTRUMENT

Delårsrekneskapen inneheld ikkje all informasjon knytt til finansiell risikostyring og presentasjon av finansielle instrument som det er krav om i årsrekneskapen.

### FINANSIELLE EIGEDELAR

BELØP I NOK 1000	31.12.2021	31.12.2020
<b>Finansielle egedelar til amortisert kost</b>		
Lån til tilknytt og felleskontrollert verksemd	17 000	-
Kundefordringar og andre fordringar	472 256	573 774
Lån til tilsette	-	105
Andre langsiktige fordringar	305	503
Leigefordringar	-	-
Kontantar og kontantekvivalenter	144 560	401 836
<b>Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)</b>	<b>4 608</b>	<b>4 287</b>
<b>Sum</b>	<b>638 772</b>	<b>980 505</b>

### FINANSIELL GJELD

BELØP I NOK 1000	31.12.2021	31.12.2020
<b>Forplikingar til amortisert kost</b>		
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld *	858 885	693 168
Renteberande gjeld	5 235 176	5 905 078
<b>Leigeforplikingar **</b>	<b>70 010</b>	<b>88 773</b>
<b>Derivat</b>		
Haldt for sal (FVPL)	1 465	8 065
<b>Sum</b>	<b>6 165 535</b>	<b>6 695 083</b>

\*Ekskludert ikkje-finansielle forplikingar.

\*\*Sjå note 13.

Den maksimale eksponeringa for kredittrisiko ved utgangen av rapporteringsperioden er det bokførte beløpet for kvar kategori av finansielle egedelar som nemnt ovanfor.

### FINANSIELLE EIGEDELAR TIL VERKELEG VERDI OVER RESULTATET

#### Klassifisering av finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet

Konsernet klassifiserer følgjande finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL):

- gjeldsinvesteringar som ikkje kvalifiserer til måling til amortisert kost eller FVOCI
- eigenkapitalinvesteringar som ikkje er heldt for sal
- eigenkapitalinnskott for pensjonsplanmedlemsskap
- eigenkapitalinvesteringar der konsernet har valt å ikkje innrekne endringar i verkeleg verdi over OCI

Finansielle egedelar som må målast til verkeleg verdi over resultatet inkluderer følgjande:

<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
<b>Langsiktige egedelar</b>		
Unoterte aksjar	855	855
Kapitalinnskot i KLP	3 753	3 432
<b>Sum langsiktige egedelar</b>	<b>4 608</b>	<b>4 287</b>
<b>Sum</b>	<b>4 608</b>	<b>4 287</b>

## INNREKNING TIL VERKELEG VERDI

### (i) Hierarki for verkeleg verdi

Dette avsnittet tek for seg vurderingane og estimat som er gjort for å bestemme den verkelege verdien av finansielle instrument som er innrekna til verkeleg verdi i konsernrekneskapen. For å gje ein indikasjon av pålitelegeita av informasjonen som er lagt til grunn for berekningane av verkeleg verdi, har konsernet klassifisert dei finansielle instrumenta i tre nivå som skildra i rekneskapsstandardane. Ei forklaring av kvart nivå følgjer under tabellane.

<b>PERIODISK MÅLING TIL VERKELEG VERDI</b>	<b>Nivå 1</b>	<b>Nivå 2</b>	<b>Nivå 3</b>	<b>Sum</b>
<b>31.12.2021</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>
<b>Finansielle egedelar</b>				
<b>Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)</b>				
Unoterte aksjar	-	-	855	855
Kapitalinnskot i KLP	-	-	3 753	3 753
<b>Sum finansielle egedelar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>4 608</b>	<b>4 608</b>
<b>Finansielle forpliktingar</b>				
<b>Derivat</b>				
Haldt for sal	-	1 465	-	1 465
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>-</b>	<b>1 465</b>	<b>-</b>	<b>1 465</b>

<b>PERIODISK MÅLING TIL VERKELEG VERDI</b>	<b>Nivå 1</b>	<b>Nivå 2</b>	<b>Nivå 3</b>	<b>Sum</b>
<b>31.12.2020</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>	<b>NOK 1000</b>
<b>Finansielle egedelar</b>				
<b>Finansielle egedelar til verkeleg verdi over resultatet (FVPL)</b>				
Unoterte aksjar	-	-	855	855
Kapitalinnskot i KLP	-	-	3 432	3 432
<b>Sum finansielle egedelar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>4 287</b>	<b>4 287</b>
<b>Finansielle forpliktingar</b>				
<b>Derivat</b>				
Haldt for sal	-	8 065	-	8 065
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>-</b>	<b>8 065</b>	<b>-</b>	<b>8 065</b>

**Nivå 1:** Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive handelsmarknader (som aksjar, eigenkapitalbevis og pengemarknadsfond) er basert på noterte kursar eller prisar ved slutten av rapporteringsperioden. Marknadskursen som vert lagt til grunn for dei finansielle egedelane er kjøparkursen. Instrumenta beskrive ovanfor er inkludert i nivå 1.

**Nivå 2:** Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert omsett på ein aktiv handelsmarknad vert fastsett ved bruk av den verdsettingsteknikken som maksimerer bruk av observerbar marknadsdata, og som er minst mogleg avhengig av einingsspesifikke estimat. Om all vesentleg naudsynt informasjon for å fastsette verkeleg verdi av eit instrument er observerbar, vert instrumentet inkludert i nivå 2.

**Nivå 3:** Om all eller noko av den vesentlege informasjonen som ligg til grunn for verdsettinga ikkje er basert på observerbar marknadsdata, vert instrumentet inkludert i nivå 3. Dette er tilfellet for alle unoterte aksjar.

#### (ii) Verdsettingsmetodar for å fastsette verkeleg verdi

Verdsettingsmetodar nytta for å fastsette verdien av finansielle instrument inkluderer:

- Bruk av noterte marknadsprisar eller meklarprisar for liknande instrument
- Verkeleg verdi av rentebytteavtalar, valutaterminkontraktar og bunkerderivat vert fastsett basert på «marknad-til-marknad» estimat framsett av eksterne meklarar
- Verkeleg verdi av resterande finansielle instrument vert fastsett ved diskontering av framtidig forventa kontantstraum

Alle dei berekna verkelege verdiane vert inkludert i nivå 2, forutan unoterte aksjar og kapitalinnskot, der verkeleg verdi er basert på noverdien av diskonterte framtidige kontantstraumar.

#### **FASTPRISAVTALAR FOR KJØP AV STRAUM**

Konsernet har inngått fastprisavtalar for kjøp av straum til eigen produksjon (ferjeverksemd). Avtalane har ei lengd på 10 år og omfattar ca. 70% av konsernet sitt estimerte forbruk per år. Avtalane er vurdert å vere omfatta av unntaket for «eige bruk» og er difor ikkje innrekna som egedelar/gjeld i konsernrekneskapen.

For fastprisavtalar inngått med oppgjær i utanlandsk valuta er dei innebygde valutaderivata behandla etter reglane i IFRS 9 og har vorte innrekna i konsernrekneskapen med påfølgande måling til verkeleg verdi. Per 31.12.2021 var den verkelege verdien av dei innebygde derivata på NOK (1,4) millionar. Konsernet innrekna ein vinst på NOK 2,1 millionar knytt til dei innebygde derivata i fjerde kvartal 2021.

**NOTE 3** SEGMENTINFORMASJON

Konsernet leverer ferje- og passasjerbåttjenester, catering og turisttenester. Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til verksemda sin øvste slutningstakar. Verksemda sin øvste slutningstakar, som er ansvarleg for allokering av ressursar og vurdering av inntening i driftssegmenta, er definert som verksemda sitt styre. Styret vurderer konsernet sine prestasjonar på grunnlag av dei ulike tenestene. Segmentprestasjon vert vurdert basert på fortjeneste eller tap og vert målt på same måte som fortjeneste eller tap i den konsoliderte rekneskapen.

Konsernet har fire rapporteringspliktige segment:

- Ferje
- Passasjerbåt
- Catering
- Turisme

Ingen driftssegment er slått saman for å danne dei rapporteringspliktige segmenta ovanfor. Finansiering (inkludert finanskostnad, finansinntekt og vinst eller tap frå del i Widerøe) og inntektsskatt vert behandla på konsernnivå og vert ikkje allokert til driftssegmenta.

**FJERDE KVARTAL 2021**

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna	Konsern
<b>Salsinntekt</b>							
Eksterne kundar	649 271	27 670	19 747	4 053	700 741	11 538	712 280
<b>Sum inntekter</b>	<b>649 271</b>	<b>27 670</b>	<b>19 747</b>	<b>4 053</b>	<b>700 741</b>	<b>11 538</b>	<b>712 280</b>
<b>Kostnader</b>							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(486 525)	(15 065)	(14 771)	(2 746)	(519 107)	(9 777)	(528 884)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	825	-	(10 631)	(9 806)	-	(9 807)
<b>EBITDA</b>	<b>162 747</b>	<b>13 430</b>	<b>4 976</b>	<b>(9 324)</b>	<b>171 829</b>	<b>1 760</b>	<b>173 589</b>
Avskrivning	(135 394)	(12 131)	(559)	(556)	(148 641)	(307)	(148 948)
Nedskrivning	(7 414)	-	-	-	(7 414)	-	(7 414)
<b>Segmentoverskot</b>	<b>19 938</b>	<b>1 299</b>	<b>4 417</b>	<b>(9 880)</b>	<b>15 774</b>	<b>1 453</b>	<b>17 227</b>

**HIÅ 2021**

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna	Konsern
<b>Salsinntekt</b>							
Eksterne kundar	2 623 500	114 477	83 359	18 163	2 839 499	29 730	2 869 230
<b>Sum inntekter</b>	<b>2 623 500</b>	<b>114 477</b>	<b>83 359</b>	<b>18 163</b>	<b>2 839 499</b>	<b>29 730</b>	<b>2 869 230</b>
<b>Kostnader</b>							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(1 834 584)	(62 861)	(65 043)	(16 402)	(1 978 890)	(22 747)	(2 001 637)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	3 833	-	(34 935)	(31 102)	-	(31 103)
<b>EBITDA</b>	<b>788 917</b>	<b>55 449</b>	<b>18 316</b>	<b>(33 174)</b>	<b>829 508</b>	<b>6 982</b>	<b>836 491</b>
Avskrivning	(530 806)	(49 721)	(2 639)	(2 225)	(585 392)	(1 382)	(586 774)
Nedskrivning	(7 414)	-	-	-	(7 414)	-	(7 414)
<b>Segmentoverskot</b>	<b>250 696</b>	<b>5 728</b>	<b>15 677</b>	<b>(35 399)</b>	<b>236 702</b>	<b>5 600</b>	<b>242 303</b>

## FJERDE KVARTAL 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna	Konsern
<b>Salsinntekt</b>							
Eksterne kundar	775 514	29 467	17 124	3 008	825 113	735	825 848
<b>Sum inntekter</b>	<b>775 514</b>	<b>29 467</b>	<b>17 124</b>	<b>3 008</b>	<b>825 113</b>	<b>735</b>	<b>825 848</b>
<b>Kostnader</b>							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(532 602)	(13 461)	(17 299)	(3 887)	(567 249)	(1 207)	(568 456)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	1 301	-	7 130	8 431	-	8 430
<b>EBITDA</b>	<b>242 912</b>	<b>17 307</b>	<b>(175)</b>	<b>6 251</b>	<b>266 295</b>	<b>(472)</b>	<b>265 822</b>
Avskrivning	(124 529)	(12 354)	(790)	(494)	(138 168)	(207)	(138 375)
Nedskrivning	(15 090)	-	-	-	(15 090)	-	(15 090)
<b>Segmentoverskot</b>	<b>103 293</b>	<b>4 953</b>	<b>(965)</b>	<b>5 756</b>	<b>113 037</b>	<b>(679)</b>	<b>112 357</b>

## HIÅ 2020

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer- båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna	Konsern
<b>Salsinntekt</b>							
Eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	3 108 116	9 655	3 117 771
<b>Sum inntekter</b>	<b>2 881 207</b>	<b>119 973</b>	<b>85 339</b>	<b>21 596</b>	<b>3 108 116</b>	<b>9 655</b>	<b>3 117 771</b>
<b>Kostnader</b>							
Driftskostnader ekskl. av- og nedskrivningar	(1 905 054)	(61 379)	(74 950)	(22 291)	(2 063 674)	(3 158)	(2 066 832)
Del av resultat frå tilknytt verksemd	-	6 314	-	(15 340)	(9 026)	-	(9 026)
<b>EBITDA</b>	<b>976 153</b>	<b>64 908</b>	<b>10 390</b>	<b>(16 035)</b>	<b>1 035 416</b>	<b>6 497</b>	<b>1 041 914</b>
Avskrivning	(467 576)	(52 225)	(3 021)	(1 526)	(524 349)	(1 457)	(525 806)
Nedskrivning	(24 799)	-	-	-	(24 799)	-	(24 799)
<b>Segmentoverskot</b>	<b>483 778</b>	<b>12 683</b>	<b>7 368</b>	<b>(17 561)</b>	<b>486 268</b>	<b>5 039</b>	<b>491 308</b>

### Oppstilling av konsernresultatet for perioden

BELØP I NOK 1000	Q4 2021	HIÅ 2021	Q4 2020	HIÅ 2020
Segmentoverskot	17 227	242 303	112 357	491 308
Del av overskot frå anna tilknytt verksemd	16 601	65 289	(20 357)	(41 958)
Renteinntekt	1 586	10 129	731	2 514
Rentekostnad	(46 592)	(178 922)	(44 619)	(214 897)
Andre finanspostar, netto	2 816	(4 860)	(951)	(30 127)
Skattekostnad	1 840	(29 466)	(8 244)	(43 374)
<b>Konsernresultat</b>	<b>(6 523)</b>	<b>104 473</b>	<b>38 916</b>	<b>163 466</b>

## NOTE 4 INNTEKTER FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har inntekter frå drift av ferjer og passasjerbåtar. Det eksisterer to typar kontraktar:

- Bruttokontraktar: Kunden tek risikoen knytt til passasjervolum. Konsernet mottok eit fast årleg prisindeksjustert vederlag. Beløpet motteke frå kvart kontraktsår er avhengig av tal på planlagde reiser.
- Nettokontraktar: Konsernet tek risikoen knytt til passasjervolum og mottok eit fast vederlag frå kunden i tillegg til inntektene frå sal av billettar til passasjerar.

I cateringsegmentet vert inntektene innrekna når vara er seld.

### SPESIFIKASJON AV INNTEKTER FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har inntekter frå overføring av varer og tenester over tid og på eit punkt i tid frå følgjande segment og geografiske regionar:

	Ferje Noreg	Passasjer- båtar Noreg	Catering Noreg	Turisme Noreg	Anna	Sum
<b>FJERDE KVARTAL 2021</b>						
<b>BELØP I NOK 1000</b>						
Inntekt frå eksterne kundar	649 271	27 670	19 747	4 053	11 540	712 280
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	649 271	27 670	-	4 053	1 511	682 505
På eit bestemt tidspunkt	-	-	19 747	-	10 029	29 776
<b>HIÅ 2021</b>						
<b>BELØP I NOK 1000</b>						
Inntekt frå eksterne kundar	2 623 500	114 477	83 359	18 163	29 731	2 869 230
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	2 623 500	114 477	-	18 163	4 717	2 760 858
På eit bestemt tidspunkt	-	-	83 359	-	25 014	108 373
<b>FJERDE KVARTAL 2020</b>						
<b>BELØP I NOK 1000</b>						
Inntekt frå eksterne kundar	775 514	29 467	17 124	3 008	735	825 848
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	775 514	29 467	-	3 008	21	808 009
På eit bestemt tidspunkt	-	-	17 124	-	714	17 838
<b>HIÅ 2020</b>						
<b>BELØP I NOK 1000</b>						
Inntekt frå eksterne kundar	2 881 207	119 973	85 339	21 596	9 655	3 117 771
Tidspunkt for inntektsføring						
Over tid	2 881 207	119 973	-	21 596	4 889	3 027 666
På eit bestemt tidspunkt	-	-	85 339	-	4 765	90 104



## EIGEDELAR OG FORPLIKTINGAR FRÅ KONTRAKTAR MED KUNDAR

Konsernet har innrekna følgande eigedelar og gjeld knytt til kontraktar med kundar:

<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>31.12.2021</b>	<b>31.12.2020</b>
<b>Kontraktsforpliktingar</b>		
<b>Langsiktige forpliktingar</b>		
Langsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferje- og passasjerbåttjenester	534 543	335 391
<b>Sum langsiktige kontraktsforpliktingar</b>	<b>534 543</b>	<b>335 391</b>
<b>Kortsiktige forpliktingar</b>		
Kortsiktige kontraktsforpliktingar knytt til ferje- og passasjerbåttjenester	419 896	273 415
<b>Sum kortsiktige kontraktsforpliktingar</b>	<b>419 896</b>	<b>273 415</b>
<b>Sum kontraktsforpliktingar</b>	<b>954 439</b>	<b>608 806</b>

Alle kundefordringar er knytt til IFRS 15 transaksjonar.

## IKKJE-OPPFYLTE LEVERINGSFORPLIKTINGAR FRÅ LANGSIKTIGE FERJEKONTRAKTAR

Følgjande tabell viser ikkje-oppfylte leveringsforpliktingar knytt til langsiktige ferjekontraktar:

<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024-2025</b>	<b>2026-2033</b>	<b>Total</b>
Del av transaksjonspris allokert til langsiktige ferjekontraktar	2 830 945	2 760 131	4 637 088	8 905 613	<b>19 133 777</b>

Beløpa inkluderer ikkje variable beløp eller opsjonar.

## NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDDEL

### FJERDE KVARTAL 2021

BELØP I NOK 1000	Fartøy	Periodisk vedlikehold	Fartøy under oppføring	Bygningar, eigedom og tomt	Infrastruktur	Infrastruktur under oppføring	Driftslausøyre, reiskap, inventar m.m.	Sum
Anskaffingskost 01.01.2021	10 061 476	552 191	242 564	173 278	438 299	357 892	223 332	12 049 031
Tilgangar	-	46 745	429 860	7 385	-	148 987	1 636	634 613
Overføring frå skip/infrastruktur under oppføring	446 902	-	(446 902)	-	286 081	(286 081)	-	0
Avgangar	(150 933)	(15 345)	-	-	-	-	(4 343)	(170 620)
<b>Anskaffingskost 31.12.2021</b>	<b>10 357 445</b>	<b>583 591</b>	<b>225 522</b>	<b>180 663</b>	<b>724 379</b>	<b>220 798</b>	<b>220 625</b>	<b>12 513 023</b>
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2021	2 898 064	270 156	-	73 156	17 627	-	186 178	3 445 181
Avskrivningar i perioden	358 211	84 076	-	8 648	63 078	-	8 551	522 564
Avgangar	(140 284)	(13 115)	-	-	-	-	(3 426)	(156 824)
<b>Akkumulerte avskrivningar 31.12.2021</b>	<b>3 115 992</b>	<b>341 118</b>	<b>-</b>	<b>81 804</b>	<b>80 704</b>	<b>-</b>	<b>191 303</b>	<b>3 510 921</b>
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2021	102 195	-	-	-	-	-	9 709	111 904
Nedskrivningar i perioden	7 414	-	-	-	-	-	-	7 414
Attføring av tidlegare nedskrivningar	-	-	-	-	-	-	-	-
Avgangar	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2021</b>	<b>109 609</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>9 709</b>	<b>119 318</b>
<b>Bokført beløp 31.12.2021</b>	<b>7 131 845</b>	<b>242 474</b>	<b>225 522</b>	<b>98 859</b>	<b>643 675</b>	<b>220 798</b>	<b>19 613</b>	<b>8 582 785</b>

### FJERDE KVARTAL 2020

BELØP I NOK 1000	Fartøy	Periodisk vedlikehold	Fartøy under oppføring	Bygningar, eigedom og tomt	Infrastruktur	Infrastruktur under oppføring	Driftslausøyre, reiskap, inventar m.m.	Sum
Anskaffingskost 01.01.2020	8 799 219	444 860	523 739	173 634	35 339	484 371	218 723	10 679 885
Tilgangar	-	76 560	1 059 668	1 323	-	276 481	13 883	1 427 915
Overføring frå skip/infrastruktur under oppføring	1 300 243	40 600	(1 340 843)	-	402 960	(402 960)	-	-
Avgangar	(37 986)	(9 829)	-	(1 679)	-	-	(9 274)	(58 768)
<b>Anskaffingskost 31.12.2020</b>	<b>10 061 476</b>	<b>552 191</b>	<b>242 563</b>	<b>173 278</b>	<b>438 299</b>	<b>357 892</b>	<b>223 332</b>	<b>12 049 032</b>
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	2 592 606	196 431	-	65 090	1 178	-	178 176	3 033 481
Avskrivningar i perioden	345 201	80 681	-	8 378	16 449	-	11 176	461 885
Avgangar	(39 741)	(6 957)	-	(313)	-	-	(3 174)	(50 185)
<b>Akkumulerte avskrivningar 31.12.2020</b>	<b>2 898 066</b>	<b>270 155</b>	<b>-</b>	<b>73 155</b>	<b>17 627</b>	<b>-</b>	<b>186 178</b>	<b>3 445 181</b>
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2020	87 105	-	-	-	-	-	-	87 105
Nedskrivningar i perioden	18 195	-	-	-	-	-	9 709	27 904
Attføring av tidlegare nedskrivningar	(3 105)	-	-	-	-	-	-	(3 105)
Avgangar	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2020</b>	<b>102 195</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>9 709</b>	<b>111 904</b>
<b>Bokført beløp 31.12.2020</b>	<b>7 061 215</b>	<b>282 035</b>	<b>242 563</b>	<b>100 124</b>	<b>420 672</b>	<b>357 892</b>	<b>27 444</b>	<b>8 491 947</b>
Levetid	10-40 år	5 år		0-33 år	10-15 år		3-10 år	
Avskrivningsmetode	Lineær	Lineær		Lineær	Lineær		Lineær	

### TILGANGAR

Tilgangar i perioden er netto med fråtrekk for motteken NO<sub>x</sub>-støtte for nye fartøy.

Tilgangar i perioden gjeld hovudsakeleg ombygging av MF «Korsfjord», MF «Moldefjord» og MF «Romsdalsfjord».

### AVGANGAR

I tredje kvartal 2021 vart MF «Rauma» selt i juli.

I fjerde kvartal 2021 vart MF «Nordmøre» selt i november og MF «Stryn» selt i desember.

### HALDT FOR SAL/LEIGEFORDRING

Den finansielle utleiga av MF «Greenferry» I byrja 01.02.2021 dermed har fartøyet vart frårekna eigedelar haldt for sal og innrekna som ei leigefordring. I medio desember vart den finansielle utleiga avslutta og fartøyet er difor innrekna som eigedel haldt for sal per 31.12.2021.

## NOTE 6 FORPLIKTINGAR

### KAPITALFORPLIKTINGAR

Vesentlege kontraktstadfesta kapitalforpliktingar som ikkje er innrekna som forpliktingar i balansen har følgjande avtalte betalingsstruktur:

BELØP I NOK 1000	2022	2023	Etter 2023	Sum
Nybygg og ombyggingar	197 789	280 000	-	477 789
Kaianlegg og landbaserte investeringar	148 987	91 614	-	240 601
<b>Sum</b>	<b>346 776</b>	<b>371 614</b>	<b>-</b>	<b>718 390</b>

### REPARASJON OG VEDLIKEHALD

Periodisk vedlikehald er knytt til større inspeksjons- og vedlikehaldskostnader som oppstår ved jamne intervall gjennom fartøyet si levetid, normalt kvart femte år. Derfor har konsernet forpliktingar knytt til å oppretthalde fartøyet sin operasjonelle dugleik og syte for at ein overheld lovar og reglar.

## NOTE 7 RESULTAT PER AKSJE

Ordinært og utvatna resultat per aksje er det same, då det ikkje eksisterer konvertible obligasjonslån eller aksjeopsjonsplanar. Resultat per aksje er berekna ved å dele den delen av årsresultatet som er tildelt selskapet sine aksjonærar med eit vekta gjennomsnitt av tal utskrivne ordinære aksjar gjennom året.

	Q4 2021	Q4 2020	HIÅ 2021	HIÅ 2020	Heile 2020
Aksjonærane i Fjord1 AS sin del av resultatet	(6 495 854)	38 920 750	104 032 387	162 985 327	162 985 426
Vekta gjennomsnittleg tal på ordinære aksjar	99 909 598	99 909 598	99 909 598	99 909 598	99 909 598
<b>Resultat per aksje i NOK</b>	<b>(0,07)</b>	<b>0,39</b>	<b>1,04</b>	<b>1,63</b>	<b>1,63</b>

## NOTE 8 LÅN

BELØP I NOK 1000	31.12.2021	31.12.2020
Langsiktig banklån	2 896 643	3 787 035
Langsiktig obligasjonslån	-	1 002 143
Kapitalisert etableringsgebyr	(25 513)	(42 072)
Kortsiktig banklån	1 406 429	1 157 972
Kortsiktig obligasjonslån	957 617	-
<b>Sum</b>	<b>5 235 176</b>	<b>5 905 079</b>

Bevegelsar i perioden:

### FRÅ 1. JANUAR 2021 TIL 31. DESEMBER 2021

#### BELØP I NOK 1000

Opningsbalanse 1. januar 2021	5 905 079
Opptak av ny gjeld	163 755
Gebyr	16 559
Nedbetaling av gjeld	(801 405)
Kjøp av delar av eige obligasjonslån	(48 812)
<b>Bokført beløp per 31. desember 2021</b>	<b>5 235 176</b>

### FRÅ 1. JANUAR 2020 TIL 31. DESEMBER 2020

#### BELØP I NOK 1000

Opningsbalanse 1. januar 2020	5 376 187
Opptak av ny gjeld	1 212 648
Gebyr	16 370
Nedbetaling av gjeld	(700 126)
<b>Bokført beløp per 31. desember 2020</b>	<b>5 905 079</b>

Banklåna er sikra ved første forfall med pant i konsernet sine fartøy. Bokført verdi på egedelane er pantsett som sikkerheit.

Konsernet skreiv ut eit obligasjonslån med ein nominell verdi på NOK 1 000 millionar den 22. november 2017. Obligasjonen vart notert på Oslo Børs i 2. kvartal 2018.

Obligasjonslånet betalar ein flytande rentekupong bestående av 3 månadars NIBOR pluss 3,5 prosent. Lånet forfell i november 2022. I juni 2020 vart det gjennomført ei endring i føresetnadane i obligasjonslånet, der obligasjonslånet under dei nye føresetnadane vil forfalle til ein pris lik 101 prosent av den nominelle verdien.

Konsernet har i februar 2018 og i 2019 sikra kredittfasilitetar på NOK 6 468 millionar hjå DNB og Nordea der NOK 5 462 millionar av fasilitetane er nytta, inkludert garantiar.

## FINANSIELLE FØRESETNADER

Dei største lånefasilitetane inneheld følgjande føresetnader/vilkår som konsernet er påkravd å overhalde:

- Ein maksimal NIBD/EBITDA\* på 5,00
- Eigenkapitaldel (ratio) lik eller over 25,00%
- Kontraktvolum (NIBD/kontraktinntekt)

\*Låneavtalane har ein frist for måling av dei justerte krava, noko som inneber at gjeld som kjem til i samband med investering i nye kontraktar ikkje vil bli inkludert i den justerte gjeldsmålinga før dei respektive kontraktane er starta. Etter start av ei kontrakt vert gjelda inkludert med ein aukande prosent over dei neste fire kvartala.

Obligasjonslåneavtalen inneheld følgjande finansielle føresetnader:

- Minimum eigenkapitaldel (ratio) på 25,00%
- Minimum likviditet på NOK 75 millionar

**NOTE 9 SKATT**

Skattekostnaden i rekneskapen er innrekna basert på leiinga sitt estimat for vekta gjennomsnittleg årleg skattesats.

<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>HIÅ 2021</b>	<b>HIÅ 2020</b>	<b>Heile 2020</b>
Resultat før skatt	(8 362)	47 160	133 939	206 839	206 839
Skattekostnad	1 840	(8 244)	(29 466)	(43 374)	(43 374)
Gjennomsnittleg skattesats	22,0 %	17,5 %	22,0 %	21,0 %	21,0 %
Endring i utsett skatt	1 840	(8 244)	(29 466)	(43 374)	(170 841)
Endring i utsett skattefordel	-	-	-	-	129 194
Betalbar skatt	-	-	-	-	(617)
Justering i tidlegare års betalbare skatt	-	-	-	-	(1 110)
<b>Skattekostnad</b>	<b>1 840</b>	<b>(8 244)</b>	<b>(29 466)</b>	<b>(43 374)</b>	<b>(43 374)</b>

**NOTE 10 ANDRE FINANSPOSTAR, NETTO**

<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>HIÅ 2021</b>	<b>HIÅ 2020</b>	<b>Heile 2020</b>
Endring i verkeleg verdi av derivat	2 062	7 312	6 644	38	38
Vinst på valuta	96	3	2 793	1 904	1 904
Tap på valuta	(74)	(97)	(6 421)	(1 302)	(1 302)
Gebyr og beredskapsprovisjonar for bank- og obligasjonslån	(3 646)	(8 215)	(12 335)	(30 814)	(30 814)
Anna finansinntekt	4 587	36	4 696	36	36
Andre finanskostnader	(209)	10	(238)	10	10
<b>Sum andre finanspostar, netto</b>	<b>2 816</b>	<b>(951)</b>	<b>(4 860)</b>	<b>(30 127)</b>	<b>(30 127)</b>

**RABATTKOMPENSASJON**

Fjord1 AS har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkinntekter som følge av at oppdragsgjever endrer føresetnadane for rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anbodet. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar gjennomført endeleg oppgjør frå oppdragsgjever. Utbetalingar knytt til kompensasjon som er motteke frå oppdragsgjever frå og med 2010 er difor gjeve med atterhald. Val av modell som skal leggjast til grunn for berekning av kompensasjon, vil kunne påverke det endelege kompensasjonsnivået. Dette inneber at konsernet kan få ytterlegare godtgjersle eller krav om tilbakebetaling av delar av motteken kompensasjon.

Følgjande variable vederlag har vorte innrekna:

- For perioden 2014 – 2016: NOK 375,58 millionar
- For perioden 2017 – 2018: NOK 98,22 millionar
- For perioden 2019: NOK 35,90 millionar

Per 31.12.2021 har konsernet ei fordring knytt til dei variable vederlaga på NOK 78,22 millionar. Konsernet held førebels på med forhandlingar om endeleg kompensasjon for perioden 2014 – 2019. Det variable vederlaget som har vorte innrekna er på bakgrunn av det konsernet vurderer som det mest sannsynlege beløp for inntekter og endeleg utfall frå forhandlingane kan føre til ein endeleg kompensasjon som er annleis enn det konsernet har innrekna som variabelt vederlag.



## NOTE 12    TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Nedanfor følger ei oversikt over transaksjonar med nærstående partar:

### SAL TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000			HIÅ		HIÅ	Heile
Nærstående part	Relasjon	Q4 2021	2021	Q4 2020	2020	2020
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	5 731	27 067	10 508	26 409	26 409
The Fjords Fartøy III DA	Tilknytt verksemd	-	-	-	304	304
WF Holding AS	Tilknytt verksemd	138	273	-	-	-
Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	-	(3 531)	1 592	1 592

### KJØP FRÅ NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000			HIÅ		HIÅ	Heile
Nærstående part	Relasjon	Q4 2021	2021	Q4 2020	2020	2020
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	(1 536)	(6 144)	(1 637)	(6 107)	(6 106)
Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	-	-	(573 817)	(573 817)
New Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(36 846)	(36 865)	(4)	(519)	(526)
Havyard Design & Solutions AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	-	(1)	(213)	(213)
Norwegian Electric Systems AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(2 916)	(33 627)	(3 312)	(36 578)	(37 380)
Havila AS	Kontrollert av same ultimate eigar	-	-	-	(104)	(104)
Havila Holding AS	Eigar	-	-	-	33	(33)

Kostnader knytt til New Havyard Ship Technology AS, Havyard Ship Technology AS og Norwegian Electric Systems AS er i hovudsak knytt til investering i konstruksjon av nye fartøy.

### FORDRINGAR/(FORPLIKTINGAR) TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

BELØP I NOK 1000			
Nærstående part	Relasjon	31.12.2021	31.12.2020
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	2 234	7 089
WF Holding AS	Tilknytt verksemd	17 138	-
New Havyard Ship Technology AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(13 835)	(14)
Norwegian Electric Systems AS	Kontrollert av same ultimate eigar	(1 006)	143
Havyard Production & Service sp.z.o	Kontrollert av same ultimate eigar	-	(30)

**BELØP INNREKNA I KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING**

Den konsoliderte balanseoppstillinga viser følgjande beløp knytt til leigeavtalar:

**BRUKSRETTAR**

BELØP I NOK 1000	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2020
<b>Bruksrettar</b>			
Bygningar	2 347	4 943	4 943
Maskiner og utstyr	2 567	2 926	2 926
Skip	64 194	79 198	79 198
<b>Sum bruksrettar</b>	<b>69 109</b>	<b>87 067</b>	<b>87 067</b>

**LEIGEFORPLIKTINGAR**

BELØP I NOK 1000	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2020
<b>Leigeforpliktingar</b>			
Kortsiktige	38 328	64 255	64 255
Langsiktige	31 682	24 518	24 518
<b>Sum leigeforpliktingar</b>	<b>70 010</b>	<b>88 774</b>	<b>88 773</b>

BELØP I NOK 1000	Q4 2021	Q4 2020	Heile 2020
Tilgang bruksrettar	39 901	322	110 635

**BELØP INNREKNA I KONSOLIDERT RESULTATREKNESKAP**

Den konsoliderte resultatrekneskapen viser følgjande beløp knytt til leigeavtalar:

BELØP I NOK 1000	Q4 2021	Q4 2020	Heile 2020
<b>Avskrivning av bruksrettar</b>			
Bygningar	2 721	2 769	2 769
Maskiner og utstyr	1 438	1 000	1 000
Skip	60 049	60 152	60 152
<b>Sum avskrivning av bruksrettar</b>	<b>64 208</b>	<b>63 922</b>	<b>63 921</b>
Rentekostnader	1 463	2 451	2 451
Kostnader knytt til kortsiktige leigeavtalar	1 295	1 846	1 846
Kostnader knytt til leigeavtalar med låg verdi	3 318	1 707	1 707
<b>BELØP I NOK 1000</b>	<b>Q4 2021</b>	<b>Q4 2020</b>	<b>Heile 2020</b>
Netto kontantstraum ut av konsernet knytt til leigeavtalar	16 708	16 250	64 852

**KONSERNET SINE LEIGEAVTALAR OG KORLEIS DESSE VERT REKNESKAPSFØRT**

Fjord1 AS sine avtalar består av bygningar, køyretøy og skip brukt i dei operasjonelle aktivitetane og kontormaskiner. Køyretøya har vanlegvis ein leigeperiode på 5 år, mens fleire av bygningane har ei lenger tidsramme. Kontormaskiner er leigde i ein periode på 3-5 år. Nokre av bygningane konsernet leiger har opsjonar og desse er tatt med i betraktningane.

Kontraktane kan innehalde både leige og ikkje-leige komponentar. Konsernet allokterer vederlaget i kontrakt mellom leige og ikkje-leige komponentane basert på deira relative frittstående prisar. Dette er med unntak av leige av fast eigedom der konsernet er leigetakar. Her har konsernet valt å ikkje skilje mellom leige og ikkje-leige komponentar og heller innrekne dette som ein einskild leigekomponent. Leigevilkår er framforhandla på ein individuell basis med eit bredt spekter av ulike vilkår. Leigeavtalane har ikkje nokon finansielle føresetnader anna enn innskotet som er gjort til utleigar i samband med leiga. Leigde eigedelar kan ikkje nyttast som pant/sikkerheit for låneformål.

Eigedelar og forplikningar som kjem frå leigeavtalar vert opphaveleg målt til noverdi. Leigeforplikningar inkluderer noverdien av følgjande leigebetalingar:

- faste betalingar (inkludert i-substans faste betalingar), med fråtrekk av eventuelle rabattar o.l.
- variable leigebetalingar som er baserte på ein indeks eller rate, opphaveleg malt hjå bruk av indeksen eller rata på byrjingstidspunktet
- beløp som forventast å verte betalt av konsernet knytt til restverdigarantiar
- innløysingspris for ein kjøpsopsjon dersom konsernet er rimeleg sikker på å utøve denne opsjonen, og
- betaling av gebyr for oppseiing av leigeavtalar, om leigevilkåra speglar at konsernet vil utøve denne opsjonen

Konsernet kjem fram til den inkrementelle lånerenta på følgjande måte:

- Der det er mogeleg nyttar ein nyleg tredjepartsfinansiering mottatt av den individuelle leigetakaren som eit startpunkt, justert for endringar i finansieringsvilkår i perioden etter at tredjepartsfinansiering vart inngått
- brukar ein oppbyggingsmetode som startar med ein risikofri rente justert for kredittisiko for leigekontraktar i Fjord1 AS, som ikkje har nyleg tredjepartsfinansiering, og
- gjer spesifikke justeringar for den enkelte leigekontrakt, til dømes vilkår, land, valuta og sikkerheit.

Konsernet er eksponert for ei framtidig auke i variable leigebetalingar basert på indeks eller valutakurs, som ikkje er inkludert i leigeavtala før dei trer i kraft. Når justeringane av leigebetalingar basert på ein indeks eller rente trer i kraft, revurderast leigeforpliknelsen og justerast mot bruksretten. Leigebetalingar fordelast mellom hovudstol og finanskostnad. Finansieringskostnaden belastast resultatet over leigekontrakten si tidsramme for å gje ei konstant periodisk rente på den attverande saldoen for forplikninga for kvar periode.

Bruksrettar vert målt til ein kostpris som består av følgjande:

- beløpet ved opphaveleg måling av leigeforplikninga
- eventuelle leigebetalingar gjort på eller før tidspunkt for oppstart, med fråtrekk for rabattar og liknande
- eventuelle opphavelege direkte kostnader
- kostnader knytt til restaurering.

Bruksrettar vert generelt avskrivne lineært over den kortaste tida av eigedelen si brukstid og leigekontrakt. Dersom konsernet er rimeleg sikre på å utøve ein kjøpsopsjon, vert bruksretten avskreven over den underliggjande eigedelen si brukstid. Sjølv om konsernet gjer revalueringar av eigedomar o.l. som er presentert som eigedom, anlegg og utstyr har ein vald å ikkje gjere det same for bruksrettane til konsernet.

Betalingar knytt til kortsiktige leigeforplikningar av utstyr og køyretøy og alle leigeavtalar av eigedelar med låg verdi vert innrekna lineært som ein kostnad i resultatrekneskapen. Kortsiktige leigeavtalar er leigeavtalar med ein leigeperiode på 12 månadar eller lågare. Eigedelar med låg verdi består av IT-utstyr og mindre kontormøblar.

#### **VARIABLE LEIGEBETALINGAR**

Konsernet si portefølje av leigeavtalar består hovudsakleg av leige av fartøy, eigedom og køyretøy og desse kontraktane inkluderer generelt ikkje variable leigebetalingar.

#### **UTVIDING OG OPPSEIING AV OPSJONAR**

Utviding og oppseiing av opsjonar er inkludert i ei rekke av leigekontraktane av eigedom og utstyr i konsernet. Desse er brukt for å maksimere den operasjonelle fleksibiliteten med tanke på å handtere eigedelane som brukast i konsernet sine operasjonelle aktivitetar. Majoriteten av moglegheitene for utviding og oppseiing er berre mogeleg for konsernet å utøve og ikkje av utleigar.

#### **RESTVERDIAR OG GARANTJAR**

For å optimalisere leigekostnadane i kontraktperioden nyttar konsernet enkelte gongar restverdigarantiar for leige av utstyr.

## NOTE 14    INVESTERINGAR I ANDRE VERKSEMDER

### THE FJORDS DA

Det vart gjennomført ei kapitalauke i den felleskontrollerte verksemda der Fjord1 AS betalte inn totalt NOK 5 millionar, tilsvarande konsernet sin del av investeringa i selskapet på 50 %. Ytterlegare kapitalinnskot vart gjort i periodane april, juni og juli, der kvart innskot var på NOK 5 millionar. Fjord1 AS sitt totale innskot for året per 31.12.2021 i føretaket er på NOK 20 millionar.

### FJORD TOURS GROUP AS

Det vart gjennomført ei kapitalauke i den felleskontrollerte verksemda i mars 2021, der Fjord1 AS betalte inn NOK 26,3 millionar tilsvarande 50% av selskapet.

## NOTE 15    AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

Største aksjonærar per 31.12.2021:

Aksjonær	Tal på aksjar	Stemme- rett	Pålydande per aksje	Sum pålydande per aksje
FJORD1 HOLDCO AS	99 909 598	99,9 %	2,50	249 773 995
FJORD1 AS	90 402	0,1 %	2,50	226 005
<b>Sum 20 største aksjonærar</b>	<b>100 000 000</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,50</b>	<b>250 000 000</b>
Øvrige	-	0,0 %	2,50	-
<b>Sum aksjar</b>	<b>100 000 000</b>	<b>100,0 %</b>	<b>2,50</b>	<b>250 000 000</b>

Havilafjord AS, som er 100% eigd av Havila Holding AS, rapporterte 7. juli 2021 at dei hadde inngått avtale om å kjøpe 4.736.246 aksjar i Fjord1 får uavhengige tredjeparts seljarar og 3.850.000 aksjar frå Runde Holdco AS til 52 kroner per aksje. Etter gjennomføring av transaksjonane kontrollerte Havila Holding AS 93.,546.,149 aksjar i Fjord1, svarande til 93,55% av aksjane i Fjord1.

26. juli vart det annonsert at Havila Holding eigde 98.792.149 aksjar, svarande til om lag 98.8% av aksjekapitalen og stemmerettane i Fjord1, og eit tvungent tilbod om kjøp av dei resterande aksjane til 52 kroner per aksje vart gitt 28. juli. Eigarrettane til minoritetsaksjane vart overført og Havila Holding AS var frå 29. juli eigar av 100% av alle aksjar med unntak av aksjar eigd av Fjord1 sjølv. Aksjane i Fjord1 ble sletta frå notering den 23 august 2021.

Etter at aksjane blei sletta frå notering er Fjord1 omdanna frå ASA til AS. Selskapet er no eigd 99,9% av Fjord1 HoldCo, som er hel-eigd av Fjord1 TopCo, som er eigd 50/50 av Havila og USA-baserte Vision Rige Partners.